§39 - Plan og rutinar for personar med trong for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK).



1 Innhold

2 Innleiing 3
3 Rettigheiter 4
4 Tidleg identifisering 5
5 Grunnutredning 6
6 ASK-utredning og oppfølging 7
7 Overgonger 8
8 Referanser 9

2 Innleiing

Inkludering er ei sentral målsetting i utdanningssamanheng (UNESCO, 1994). Gjennom stortingsmelding 6 *«Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO»* (Meld.St.6, 2019) uttrykkjer regjeringa eit ynskje om at Norge skal ha skular og barnehagar som gir mogelegheit for at alle barn og unge blir inkludert og får eit godt utdanningsløp. For å få til dette peikar regjeringa på at det krevst inkluderande fellesskap og tidlig innsats. Det tverrfaglege samarbeidet må styrkjast og det må setjast i gong eit kompetanseløft i barnehagar, skular og pedagogisk psykologisk teneste (PPT) for å kunne møta mangfaldet av barn og unge. Alle barn og unge skal bli sett og få hjelp når de treng det, derfor må kompetansen nærare praksisfeltet. Regjeringa viser til eit tverrfagleg lag/støttesystem rundt barn og unge som skal syte for at dei til ei kvar tid får dei beste føresetnadane for *deltaking, utvikling og læring*.

Styringsdokumentet *«Planar og rutinar for personar med trong for alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK)»* synliggjer kva Sveio kommune gjer for å sikra at ASK-brukarar i kommunen skal få dei beste føresetnadane for *deltaking, utvikling og læring* i heim, barnehage og skule.

Det overordna målet med planen er å ha eit felles styringsdokument for heim, barnehage, skule og PPT for å:

- sikra brukerane sine rettigheiter til å nytta eigna kommunikasjonsløysingar
- sikre at brukane og nærpersonane får naudsynt opplæring i bruk av kommunikasjonsløysingane
- sikre kontinuitet i overgangar
- auka nærpersonane sin kompetanse på ASK

Planen inneheld oversyn over:

- rettigheiter
- kven som gjer kva i kommunen
- kva for rutinar som eksisterer på dette området

3 Rettigheiter

Personar med trong for ASK er personar som må nytta andre uttrykksformer enn tale i direkte kommunikasjon med andre. Nokre vil ha trong for kommunikasjonsformar som erstattar tale fullstendig, **alternativ kommunikasjon**. Andre treng kommunikasjonsformer som støttar utydelig, forseinka eller svak tale, **supplerande kommunikasjon**. ASK er alt som hjelper ein person til å kommunisera effektivt når tradisjonelle måtar å kommunisera på ikkje er tilstrekkelege. Retten til å nytta eigna kommunikasjonsformar og kommunikasjonshjelpemidlar er lovfesta i lov om barnehager §39, opplæringsloven §2-16 (grunnskolen), § 3-13 (elever, lærlinger og lærekandidater i videregående opplæring), § 3-14 (privatskoleloven) og § 4A-13 (voksne med rett til grunnopplæring).

Barnehage

Lov om barnehager §39, første ledd, slår fast at barn som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og har trong for ASK, skal få nytta eigna kommunikasjonsformar og naudsynte kommunikasjonsmidlar i barnehagen. Dette er ei presisering av krav om tilrettelegging etter barnehagelova §1,§2 og rammeplanen, og som ikkje krev enkeltvedtak. I lov om barnehager §39, andre ledd, er det presisert at spesialpedagogisk hjelp etter §31 inkluderer naudsynt opplæring i bruk av ASK. Dette inneber både opplæring i å nytta utstyr barnet trenger for å kommunisera, og opplæring i å kommunisera med eller utan utstyr. Kommunikasjon med alternative kommunikasjonsformer må oftast lærast, og barn med behov for ASK vil derfor vanlegvis ha trong for spesialpedagogisk hjelp. Vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter §31 er difor ofte naudsynt for å lære og bruke ASK når barnet har trong for ytterligare tilrettelegging enn det som kan gjerast innan det ordinære barnehagetilbodet. Det må uansett undersøkjast om vilkåra i §31 er oppfylt.

Skule

Grunnskuleelevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og/eller har vanskar med språkforståinga slik at de har behov for ASK, skal få nytta eigna kommunikasjonsformar og naudsynt kommunikasjonsmidler i opplæringa. Dette er presisert i opplæringsloven § 2-16. Det same gjeld elevar, lærlingar og lærekandidatar i vidaregåande opplæring (§ 3-13), elever i private skular (privatskoleloven § 3-14) og vaksne med rett til grunnopplæring (§ 4A-13). Føremålet med lova er å styrkje den pedagogiske oppfølginga av elevar som treng ASK innanfor både tilpassa opplæring og spesialundervisning. Opplæringslovens § 2-16 uttrykker at elever med trong for ASK skal få bruke eigna kommunikasjonsformer og naudsynte kommunikasjonsmidlar i opplæringa. Denne paragrafen presiserer samtidig at elevar som har rett til spesialundervisning etter reglane i kapittel 5, også har rett til naudsynt opplæring i å nytta kommunikasjonsformane. Dette er avgjerande for at elevar kan nytta ASK i faglege og sosiale aktivitetar og nå sine læringsmål.

Kva som er naudsynt opplæring i denne samanheng må sjåast i ut frå ein skjønnsmessig vurdering av kva forsvarleg utbytte av opplæringa inneber. Det skal leggjast vekt på elevane sine utviklingsmogelegheiter. For elevar med trong for ASK betyr dette at skulen skal gi opplæring i ASK på ein måte som samsvarar med eleven sine mogelegheiter for å utvikla sin kommunikasjon.

4 Tidleg identifisering

Føremålet med tidleg identifisering er å igongsetje tiltak så tidleg som mogeleg når det vert vurdert som sannsynleg at ein person vil ha trong for ASK.

Dei som kan ha trong for ASK er personar med:

- diagnosar som kan påverke kommunikasjonsutviklinga
- generell forseinka utvikling
- forseinka kommunikasjonsutvikling og/eller talespråksutvikling
- erverva hjerneskader

For å sikra tidleg identifisering av brukarar i Sveio kommune kravst det at faginstansane i Oppvekst (helsestasjon, barnehagar og skuler) har kunnskap om:

- normalutvikling
- kartlegging av språk og kommunikasjonsutvikling
- rutina **«*Tidlig identifisering av personer med trong for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)*» (vedlegg 1)*.***

Kartlegging

Nedanfor syner ein til ulike kartleggingsverktøy som kan nyttast for å kartleggje språk og kommunikasjonsutvikling og som kan bidra til tidlig identifisering av brukarar. Kartleggingsverktøya kan nyttast ut over aldersnorm.

IPCA

https://www.statped.no/laringsressurs/sammensatte-larevansker/icpa--kartlegging-kommunikative-uttrykk/

Liv Vedeler: Lek og kommunikasjon i de første utviklingsår

http://www.ppfas.no/Shop/Product/LEK-OG-KOMMUNIKASJON-REV-UTG/97.066.4

MacArthur – Bates Communicative Developement Inventories (MB-CDI)

https://novus.mamutweb.com/Shop/Product/KristoffersenSimonsen-Tidlig-språkutvikling/102557

5 Grunnutgreiing

Føremålet med grunnutgreiing er å identifisera individuelle utfordringar og eventuelle hindringar i miljøet som kan vera med på påverka ein person sin mogelegheit for *deltaking, utvikling og læring* i barnehage og skule. PPT vurderer om personen har trong for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning og kva for hjelpetiltak som er naudsynte gjennom ei sakkunnig vurdering jfr. lov om barnehager §31 og opplæringsloven kap. 5.

PPT gjennomfører kartlegging og testing innan områda kognisjon, språk og miljø og innhentar naudsynt informasjon knytt til somatikk, sansing og motorikk frå aktuelle instansar, avhengig av personen sin utfordring. I komplekse saker vil ofte habiliteringstenesta (HABU), Statped eller andre aktuelle instansar støtta PPT i grunnutgreiinga.

Dersom personen som vert utgreidd har vanskar innan språk og kommunikasjon må det tas stilling til om personen vil ha trong for ASK. For å gi brukarane dei beste føresetnadane for *deltaking, utvikling og læring* kravst det grundig utgreiing, tilpassa tiltak, kvalitetsmessig gjennomføring, jamleg vurdering, evaluering og re-utgreiingar. Både utgreiing og oppfølging av brukaren skjer gjennom eit **ASK-team** (lag/støttesystem rundt brukaren).

Gjennom teamet vil ein kunne:

- sikra kontinuitet og kvalitet i arbeidet rundt brukaren
- utgreie og tilretteleggje for brukaren sitt kommunikasjonsbehov her og nå og samtidig leggje til rette for utvikling og læring i eit inkluderande miljø
- tilpassa eigna kommunikasjonshjelpemiddel
- støtte/bidra med kompetanseheving på ASK for deltakarane i teamet.

Sjå rutineskildring *«Oppretting av ASK-team for personar med trong for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)»,* vedlegg 2.

6 ASK-utredning og oppfølging

Kartlegginga som skjer under ASK-utgreiing byggjer på PPT sin grunnutgreiing og vert gjennomført i teamet. Kartlegginga har tre hovudfokus:

1.) Brukaren
2.) Kommunikasjonspartnaren (nærpersonane)
3.) Omgjevnaden (språkmiljø)

Målet med kartlegginga er å:

- utvikla felles forståing for språk og kommunikasjonsbehova til brukaren
- vurdera brukarens språklege, strategiske, operasjonelle, sosiale og psykososiale kompetanse
- skissera kva for tiltak som bør iverksetjast ovanfor brukaren, kommunikasjonspartnaren og omgjevnaden for å auka eller oppretthalda brukaren si deltaking, utvikling og læring.

Tiltaka som ein kjem fram til gjennom kartlegginga synliggjer i ein individuell kommunikasjonsplan (IKP).

Det vert anbefalt å nytta mal for IKP frå Udir:

https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/ask/ask-i-barnehagen/samarbeid-og-planlegging/.

Det er brukaren sine nærpersonar som gjennomfører tiltak i heim, barnehage og skule med bistand frå PPT og/eller andre aktuelle faginstansar (til dømes ASK-pedagog, logoped, ergoterapeut).

Tiltak rundt brukaren, kommunikasjonspartane og omgjevnadane skal vurderast og evaluerast jamleg. Dette gjeld også trong for re-utgreiing av brukaren sine behov.

Sjå rutineskildring «Utgreiing og oppfølging av personar med trong for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)», vedlegg 3.

7 Overgangar

Ved overgangar må samarbeid mellom aktuelle partar etablerast i god tid. Godt samarbeid og god dialog er avgjerande for å skapa kontinuitet og samanheng ved byte av arena **(sjå rutine for overgangar i Sveio kommune).**

Aktuelle overgangar:

- heim-barnehage
- byte av barnehage/skule
- barnehage-barneskule
- barneskule-ungdomsskule
- ungdomsskule – vidaregåande
- vidaregåande – vaksenopplæring
- byte av nærpersonar i barnehage/skule

Brukaren sine nærpersonar har ofta utvikla spesifikk erfaring og kompetanse om korleis brukaren kommuniserar, og korleis andre personar kan støtta brukaren si *deltaking, utvikling og læring*. Viktige omsyn rundt tilrettelegging bør videreførast til ny arena. Planar med klare mål som tids- og ansvarsfestar arbeidet er viktige verktøy.

Sjå rutineskildring *«Overgangar for personer med trong for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)»,* vedlegg 4.

8 Referanser

Kunnskapsdepartementet (2019) *Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* (Meld. St. 6 (2019 – 2020)) Oslo: Kunnskapsdepartementet

Helsedirektoratet (2015). *Veileder om rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator.*

Nordahl, T. mfl. (2018). *Inkluderende fellesskap for barn og unge. Ekspertgruppen for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging.* Bergen: Vigmostad & Bjørke AS.

UNESCO (1994). *The Salamanca statement and framework for action on special needs education: adopted by the world conference on special needs educati on: access and quality.* Paris: UNESCO

E- læringsportalen til Statped**:** https://statped.instructure.com/courses/3/pages/3-dot-1-2-hva-er-ask-film-og-intervju?module_item_id=330

Ask veilederen UDIR: https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/ask/

Hvem gjør hva? - på ASK området: https://www.statped.no/laringsressurs/ask/hvem-gjor-hva--pa-ask-omradet2/

Oppgave Anne Kristoffersen og Kristine Ellefsen. Hvilke faktorer bør en individuell kommunikasjonsplan inneholde for å sikre oppfølging av ASK i ulike overganger?

Oppgave Hilde Haugland, Anne Marthe Josefsen Aksdal, Marita Ellingsen og Line Vatland. Hvordan opprette et ASK-team og hvordan kan ASK-team bidra i utredning og oppfølging av ASK-brukere og støtte utviklingen av funksjonell kommunikasjon?